

Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2024 - 2028



Foto: Johan Trygve Solheim ©

Målsetjing for bestandsutviklinga framover:

- Redusere bestanden
- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden
- Forbetre kjønnsbalansen i bestanden
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr
- Auka produktivitet i bestanden

Det er både kommunen og jaktrettshavarane sitt ansvar å styre bestandsutviklinga hos hjort. Hjort representerer ein stor økonomisk ressurs, men kan og påføre samfunnet og einskilde store kostnader.

- ✓ *Kommunen skal setje rammene for forvaltninga gjennom å vedta mål for utviklinga av hjortebestandane. Dette bør samordnast med nabokommunar om dei har felles hjortebestandar.*
- ✓ *Jaktrettshavarane skal drive forvaltninga av hjortebestandane gjennom bestandsplanar.*
- ✓ *Jegeren er viktigaste reiskapen både for å gjennomføre planane ved å ta ut det tal dyr som er fastsett av riktig kategori (alder og kjønn) og for å kunne evaluere måloppnåinga gjennom innsamling av Sett hjort data.*



Haugesund




Karmøy



Bokn



Sveio



Etne



Tysvær



Sauda



Suldal



Vindafjord

Det interkommunale Hjorteviltutvalget for Haugalandet er ei samanslutning for å få til ei samordna hjorteforvaltning i området. Kommunane Sveio, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal er med i samanslutninga. Hjorteviltutvalget vedtok i 2018 – Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018 – 2023. I denne planen var det konkretisert ei rekkje mål for utviklinga av hjortebestanden i regionen.



Foto: Johan Trygve Solheim ©

Denne rapporten tek føre seg dei ulike måla det var semje om, og vurderer utviklinga i perioden. Den presenterer også tilrådingar for forvaltninga av hjorten i regionen vidare framover dei neste 5 åra.

Innhold

1: Bestandsutvikling	4
1:1 Fellingsstal	4
1:2 Ulik bestandstettleik innan regionen:	4
1:3 Bestandsstorleik	5
2: Evaluering av føregåande planperiode	6
2:1 Hovudmål	6
2.2 Delmål.....	7
2.2.1. Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden	7
2.2.2. Forbetre Kjønnbalansen i bestanden.....	7
2.2.3. Auka produktivitet i bestanden - auke i indeksen for Sett kalv per kolle	8
2.2.4. Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr	8
2.3. Mål for avskyting	9
2.3.1. Total avskyting.....	9
2.3.2. Minimum 35 % kalv	9
2.3.3. Maksimum 15 % eldre hanndyr	9
2.3.4. Maksimum 15 % spissbukk i det totale jaktuttaket	10
2.3.4. Minimum 35 % hodyr 1,5 år og eldre.....	10
2.3.5. Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal ha ei overvekt av hodyr	10
2.4. Oppsummering og status for avskyting og bestandsutvikling	11
3. Utfordringar i høve forvaltninga	11
3.1 Dårlig organisering av hjorteviltforvaltninga i regionen	11
3.2 Etablere samarbeid om bestandsplanar	12
3.3 Bestandsplanområde.....	12
3.4 Auka oppslutnad om Sett hjort registreringane.....	12
4 Mål for bestandsutviklinga framover	12
4.2. Hovudmål	12
4.2.1 Delmål.....	13
4.2.2 Fordeling av jaktuttak.....	13

1: Bestandsutvikling

1:1 Fellingsstal

Fellingstala vil over tid kunne sei noko om bestandsutviklinga. Dette i lag med tildelte fellingsløyve og fellingsprosenten vil på kortare sikt kunne sei noko om bestandsutviklinga. Fellingsprosenten vert rekna ut på bakgrunn av kor mange av tildelte fellingsløyve som vert felt.

1:2 Ulik bestandstettleik innan regionen:


Kor mange hjort som vert felt i høve det teljande arealet innan kvar kommune gjev indikasjonar på bestandstettleiken lokalt. Som ein ser av tabellen nedanfor er det her veldig stor skilnad mellom dei ulike kommunane innan regionen. Skilnaden er så stor at det må vere ulik praksis mellom kommunane for korleis ein fastset det godkjende areala til valda. Hovudregelen for godkjenning av teljande areal er at produktiv skog, myr og andre arealtypar under skoggrensa som er av betydning for hjorteviltet skal leggjast til grunn. Areal som er omdisponert til andre føremål enn LNF skal trekkjast ut frå det teljande arealet.

Ein skal såleis vere litt forsiktig med å samanlikne tala for felte hjort i høve det teljande arealet direkte mellom alle kommunane innan regionen. Det ser likevel ut til at bestandstettleiken i Etne, Vindafjord, Tysvær og Sveio er noko større enn i dei andre kommunane.

Tabell 1 Tabellen syner det teljande arealet i dekar og tal felte hjort siste år for valda i kommunane som er tilslutta samarbeidet i det regionale hjorteviltutvalget


Kommune	Godkjent areal	Totalt land areal	Tildelt 2023	Felt hjort 2023	Fellings %	Areal pr felt hjort
Etne	244583	693300	697	555	80	441
Sveio	201783	246100	348	211	61	956
Haugesund	21443	68370	13	8	62	2680
Karmøy	108034	229950	43	37	86	2920
Bokn	33168	47170	47	43	91	771
Tysvær	353239	425410	579	458	79	771
Vindafjord	469322	620590	1233	1127	91	416
Sauda	186700	546330	147	81	55	2305
Suldal	644618	1736880	851	665	78	969
Sum/gjsn	2262890	4614100	3958	3185	80,5	710

1:3 Bestandsstorleik



Figur 1 syner tal tildelte fellingsløyve og tal felte hjort per år på venstre akse og fellingsprosenten på høgre akse.


Avskytingstala for regionen samla hadde ein topp i 2009 med 2 388 felte dyr totalt. Deretter gjekk fellingstala nedover nokre år og lågaste talet hadde ein i 2015 med 1 800 felte hjort. Deretter har fellingstala auka jamt og i 2023 vart det felt 3.185 hjort. Dette er 797 fleire felte enn i 2009 og 1385 fleire felte enn i 2015. I % utgjer auken i talet felte hjort frå 2015 til 2023 77 %.



Figur 2 syner fordeling av det samla jaktuttaket på kjønn på venstre akse og tal felte hjort på høgre akse.

I åra fram til 2009 utgjorde eldre dyr ein stor del og hodyr ein overvekt av jaktuttaket noko som i lag med eit høgt totaluttak og nokre meir snørike vintrar i åra etter medførte bestandsreduksjon.

Bestandsreduksjonen var truleg mindre enn det reduksjonen i fellingstala tilseier og den reduserte fellinga etter 2009 vart i stor grad gjort ved å «spare» hodyr. Dette gav grunnlag for ny bestandsvekst og det har vore god vekst i bestanden som no er langt større enn åra før 2010.



Figur 3 syner fellingsprosenten på venstre akse og Sett hjort per jegerdag på høgre.

Trass i både auka tildelingar og avskyting har både fellingsprosenten og Sett hjort per jegerdag vore aukande sidan 2015. Dei siste åra har både fellingsprosenten og indeksen for Sett hjort per jegerdag flata ut noko som kan tyde at ein har stogga bestandsveksten og at det lenger ikkje er nokon vekst i bestanden.

2: Evaluering av føregåande planperiode


2:1 Hovudmål

Det overordna målet i planperioden 2018 - 2023 var å stogge bestandsveksten og å leggje grunnlaget for ei robust og produktiv bestand. Å stogge bestandsveksten var ynskje for størstedelen av regionen med unntak av vestre delar av Tysvær og Karmøy der det var ynskja å auke bestanden noko.

Som nemnt innleiingsvis så har både fellingstal, fellingsprosent og Sett hjort per jegerdag lenge vore aukande (fig.1 og fig.3) for å stabilisere seg noko dei 3 siste åra. Dette tyder at bestandsveksten no er stogga og målet nådd i planperioden. Dette målet var sett i 2018 og ein har hatt bestandsvekst ein del år etter dette før veksten no synest å ha stogga. Slik sett kan ein sei at målet om å stogge bestandsveksten delvis er nådd då bestanden no likevel er ein god del større enn i 2018.

2.2 Delmål


2.2.1. Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden



Figur 4 syner antal felte dyr for kvar kategori på venstre akse og tal felte dyr totalt på høgre.

Ein har ikkje aldersbestemt dei felte dyra i området og kan difor ikkje sei noko heilt konkret korleis aldersutviklinga har vore. Figur 4 syner at kalv utgjort ein langt større del av jaktuttaket enn tidlegare og utgjør i hovudsak auken av avskytinga som har vore. Det har vore vekst i bestanden medan auken i uttak har vore gjort ved å ta ut meir kalv. Utifrå dette meiner ein gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden har vore aukande i planperioden i samsvar med målsetjinga. At hovudtyngda av auken i uttaket har vore gjort ved å ta ut meir kalv har nok og medverka til at ein ikkje har klart å stogge bestandsveksten tidlegare trass i auka totaluttak.

2.2.2. Forbetre Kjønnbalansen i bestanden




Figur 5 syner kor mange kalle som vert observert per bukk.

Indeksen for Sett kalle per bukk varierar ein del frå år til år medan trenden for perioden (stipla line) synest stabil for perioden samla. Målet i førre planperiode var å få denne godt stabilt under 1,5 kalle per bukk. Dette har ein ikkje klart noko som kan forklarast utifrå avskytinga der ein i perioden har hatt ei nokolunde lik fordeling av avskytinga på kjønn. Ein skal her vere klar over at indeksen ikkje speglar den reelle fordelinga i bestanden då bukkar eksponerer seg meir og vert oftare observert en

koller. Så i den faktiske bestanden er der nok langt flere koller i høve bukkar enn det indeksen her tilseir.

2.2.3. Auka produktivitet i bestanden - auke i indeksen for Sett kalv per kolle




Figur 6 syner kor mange kalvar som vert observert i høve koller

Som figur 6 syner så er trenden for indeksen aukande i samsvar med målet. Ein feller no langt fleire kalv enn tidlegare i høve koller (ref. figur 4) og dermed skulle det såleis bli færre kalvar å observere utover i jakta. At indeksen er aukande trass i dette underbyggjer signala frå Sett kalv per kolle om at ein aukande del av kollene har kalv. Dette tyder og på at gjennomsnittsalderen til kollene er aukande med færre ungdøyer i bestanden. Såleis er utviklinga godt i samsvar med måla både om auka gjennomsnittsalder og auka reproduksjonsemne.

2.2.4. Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr

Slaktevektene kan sei noko om vekt og kondisjonsutviklinga i hjorteviltbestandane. Kvaliteten på utmarksbeita som påverkar vektutviklinga til særskilt kalvar kan variere ein del frå år til år. Dette gjer det vanskeleg å kunne samanlikne vektene frå eit år til neste, men over fleire år vil ein kunne sjå om det er tendensar i vektutviklinga. Kvaliteten (presisjonen) på tala for gjennomsnittsvekt vil auke med aukande tal individ som ligg til grunn.



Figur 7 syner gjennomsnittlege slaktevektar for kalvar og ungdyr registrert i regionen.


Dei gjennomsnittlege slaktevektene synest å vere relativt stabile både for kalvar og ungdyr dei seinare åra. Ein kan såleis ikkje sei at målet om å få auke i slaktevektene er nådd, men dette er heller ikkje noko ein kan forvente å få eintydige signal på i løpet av nokre år.

2.3. Mål for avskyting

2.3.1. Total avskyting

Det var ikkje sett noko konkrete mål for total avskyting innan området, men med mål om å stogge bestandsveksten i størstedelen av området er det ein føresetnad at totaluttaket må aukast. I perioden er både tildeling av fellingsløyve og tal felte dyr auka betydeleg. Avskytinga er auka frå 2.205 felte hjort i 2018 til 3.185 i 2023. Det vart såleis felt 980 fleire hjort i 2023 enn i 2018 noko som tilsvarar ein auke på 44 %.


2.3.2. Minimum 35 % kalv



Figur 8 syner kor stor del kalv og ungdyr har utgjort i % av det totale jaktuttaket.

Andelen kalv i det samla jaktuttaket har auka frå å utgjere 26 % i 2017 til 36 % dei 2 siste åra. For perioden samla så har kalv utgjort vel 32 %. Det har såleis vore ei særskild positiv utvikling i perioden som ein må sei seg godt nøgd med sjølv om ein ikkje er heilt på målet for perioden samla.

2.3.3. Maksimum 15 % eldre hanndyr




Figur 9 syner kor stor del eldre dyr har utgjort i % av det totale jaktuttaket i regionen.

Eldre hanndyr (Bukk) har i lengre tid utgjort ein minkande del av jaktuttaket. I 2017 utgjorde dette 19 % av uttaket og dei 2 siste åra er dette redusert til 14 %. For perioden (2018-2023) samla så har eldre hanndyr utgjort 15,8 % som er sær s nær målet om maksimalt 15 %. Utviklinga i høve avskytingsmålet har såleis vore sær positiv.

2.3.4. Maksimum 15 % spissbukk i det totale jaktuttaket

Frå å utgjere godt over 20 % av det totale jaktuttaket i åra før 2018 har spissbukk utgjort ein minkande del av uttaket i perioden (Figur 8). I 2022 var ein på målet med 15 % og for perioden samla har spissbukk utgjort 17.7 %.


2.3.4. Minimum 35 % hodyr 1,5 år og eldre



Figur 10 syner kor stor del hodyr 1,5 år og eldre har utgjort av det totale jaktuttaket.

Avskytingsmålet om at hodyr 1,5 år og eldre skal utgjere minst 35 % av jaktuttaket var sett utifrå målet om å endre kjønnsbalansen i bestanden med meir hanndyr i høve hodyr. Som diagrammet syner så har hodyr utgjort ein litt varierende del av uttaket med ein topp i 2020 på 37 %. For perioden samla så har hodyr 1,5 år og eldre utgjort 34,4 % av jaktuttaket

2.3.5. Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal ha ei overvekt av hodyr



Figur 11 syner fordeling av avskyting på kjønn for alle årsklassar samla på venstre akse og tal felte hjort på høgre.

Frå lenge å ha hatt ei stor overvekt av hanndyr i jaktuttaket er dette redusert og har dei siste åra med litt variasjon vore nokolunde likt fordelt mellom kjønn. For perioden samla så har hanndyr utgjort 50,5 og hodyr 49,5 % av jaktuttaket så ein såleis ikkje nådd målet om ei overvekt av hodyr i jaktuttaket.

2.4. Oppsummering og status for avskyting og bestandsutvikling

Med litt lokale variasjonar har ein truleg klart å stogge bestandsveksten i størstedelen av regionen. Grunna at ein stor del av auken ein har hatt i jaktutak har vore med å ta ut meir kalv er gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden auka og framleis aukande. Dette betyr at reproduksjonsemna i bestanden er aukande ved at ei større del koller no har kalv. Då ein ikkje har klart avskytingsmålet om å ha ei overvekt av hodyr i uttaket er det no såleis ein større andel hodyr i bestanden der ein større del av dei no har kalv. Dette betyr at reproduksjonen i bestanden no truleg er større enn ved starten på perioden. For å unngå ny bestandsvekst tilseier dette at ein minst må ha ei like stor avskyting som siste åra vidare framover. Om det skulle skje større endringar grunna f.eks stor vinterdødeligheit må ein vurdere og evt justere dette. Når det gjeld vinterdødeligheit vil ein vinterbestand som no med ein større del vaksne dyr vere mindre sårbar enn om den består av mykje kalvar og ungdyr. Ein har ikkje klart avskytingsmåla i høve kjønnsbalanse og andelen vaksne hanndyr i bestanden er framleis lav. Andelen eldre hanndyr i jaktuttaket er redusert noko i perioden så gjennomsnittsalderen er truleg auka og for dei vaksne hanndyra i bestanden. Det er likevel for få vaksne hanndyr (5 år+) i høve hodyr i bestanden. Å ha nok vaksne hanndyr i høve hodyr er viktig i høve reproduksjonen - tidleg kalving – auka kalveveker – meir robust bestand.

3. Utfordringar i høve forvaltninga

3.1 Dårleg organisering av hjorteviltforvaltninga i regionen

På regionalt nivå er det ei god organisering og samarbeid om hjorteviltforvaltninga gjennom *Det interkommunale hjorteviltutvalget for Haugalandet*. Men i mange av kommunane i regionen er det mange små vald og heller ikkje samarbeid på vald/bestandsplanområde over kommunegrenser. I nokre av kommunane er det ein del litt større vald med bestandsplanar, og rundt halvparten av tildelinga vert gjort til bestandsplanar for regionen samla. Det truleg heller ingen av valda med bestandsplan som femner om store nok areal til at dei åleine kan drive ei målretta bestandsforvaltning. Ifylgje rettleiaren til hjorteviltforskrifta skal bestandsplan vere hovudregelen ved forvaltning av elg og hjort. For regionen var det for 2023 tildelt i alt 3958 fellingsløyve og av desse var 1689 tildelt til 29 vald med bestandsplan medan resten var tildelt ved retta tildeling til 343 vald. Det er stor skilnad i høve organiseringa mellom kommunane i regionen. I Tysvær er størstedelen (85%) av løyva tildelt til 4 vald med bestandsplan medan det i fleire av kommunane berre er retta tildeling.

Ved retta tildeling til vald utan bestandsplan ser ein ofte at avskytinga vert skeiv i høve tildelingane og det som er ynskjeleg då dei fleste feller alt dei har løyve til av hanndyr, men ofte ikkje fylgjer opp i høve kalv og hodyr. Ein får såleis lite styring og kontroll på avskytinga med retta tildeling. Ved bestandsplan så får valda og større fleksibilitet i høve å nå avskytingsmåla både gjennom moglegheiter for å overføre fellingsløyve mellom år og i mellom vald.

Det er difor eit overordna mål at det er jaktrettshavarane sjølve som skal ta ansvaret for å forvalte hjortebestandane gjennom bestandsplanar. Dette vert tydeleg presisert i rettleiaren til hjorteviltforskrifta der det til § 15 om bestandsplanstår: «*Bruk av bestandsplan skal være*

hovedregelen ved forvaltning av elg og hjort. Det er i første rekke jaktrettshavernes ansvar å planlegge avskytingen i forbindelse med bestandsplaner.».

3.2 Etablere samarbeid om bestandsplanar

For å kunne drive ei målretta bestandsforvaltning må bestandsplanane femne om størstedelen av årsleveområda til dei «lokale» hjortebestandane. Det finns ingen heilt avgrensa hjortebestandar. I dei fleste område heng «lokale bestandar» saman med «bestandar» frå andre område ved at ein del av dyra derifrå i delar av året er i same område som dyr frå andre «bestandar» eller gjennom ut og innvandring (migrasjon) av dyr mellom ulike område. Å snakke om lokale bestandar blir såleis kanskje feil, men det ein må fokusere på er hovudtyngda av hjort i eit område og kva område som er viktige for dei gjennom heile året.

I området her og andre stader er det gjennomført fleire merkjeprojekt for hjort. Kunnskap frå desse i lag med lokal kunnskap om trekkvegar m.v. bør nyttast til å freiste å avgrense ulike «delbestandar» innan regionen.

3.3 Bestandsplanområde

Ved å få etablert bestandsplanområde for dei «bestandane» ein avgrensar så bør valda innan området samarbeide om felles bestandsplan. Valda treng ikkje slå seg saman, alle treng heller ikkje vere med men likevel kan ein få lagt grunnlaget for ei felles og målretta forvaltning.

Det bør difor vere ei prioritert oppgåve å få etablert samarbeid om bestandsplanar for større område.

3.4 Auka oppslutnad om Sett hjort registreringane

For å kunne fylgje utviklinga i hjortebestandane og fange opp endringar i tide er det viktig med gode styringsverktøy. Ein har ikkje tal for bestandsstorleik og er avhengig å «navigere» forvaltninga etter endringar i bestandane noko ein ikkje kan sjå før etter at endringane har skjedd. Sett hjort reknar ein i dag for å vere det beste verktøyet ein har for å kunne sjå endringar og gjere endringar i tide om det skulle vere naudsynt. Sett hjort er eit statistisk verktøy og datamengda og kvaliteten på dei data som vert lagt til grunn såleis er av betydning for presisjonen på dei resultata ein får ut. Ved aukande datamengd vil tilfeldige feil og avvik gjere mindre utslag og ein vil kunne stole meir på indeksane og sjå endringar tidlegare.

Datamengda har i form av registrerte jegerdagar vore aukande i perioden som det lenge har vore bra oppslutnad om i Vindafjord, Suldal og Etne. Det vert no registrert i dei fleste kommunane men der er truleg langt meir å gå på i høve kor mykje av det som vert jakta som vert registrert.

Det bør vere eit mål at alle jegerar registrerer Sett hjort alle dagar dei jaktar.

4 Mål for bestandsutviklinga framover

4.2. Hovudmål

Det overordna målet er å leggje grunnlaget for ei robust og produktiv bestand som gjev grunnlag for ei jamn og god avkasting. Bestandstettleiken er noko ulik innan regionen, men med unntak av meir marginale område er bestandstettleiken i dag for stor. Dette utifrå omsynet til beitegrunnlag, skadar på jordbruksproduksjon og skog. Målet er difor å redusere bestanden.

4.2.1 Delmål

- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden
- Forbetre kjønnsbalansen i bestanden - Snu trenden i Sett kolle pr bukk og på sikt kome under 1,5
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr – fylgje opp slaktevektregistreringane for kalv og ungdyr
- Auka produktivitet i bestanden - auke i indeksen for Sett kalv pr kolle

4.2.2 Fordeling av jaktuttak

Det årlege jakttutaket framover bør ha ei slik fordeling:

- Minimum 35 % kalv av samla uttak
- Maksimum 15 % eldre hanndyr
- Maksimum 15 % spissbukk
- Minimum 35 % hodyr 1,5 år og eldre
- Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal ha ei overvekt av hodyr



www.hjortesenteret.no

Norsk Hjortesenter er et nasjonalt kompetansesenter for å utvikle hjort som ressurs. Senteret er organisert som en ideell stiftelse med oppbygging og formidling av kunnskap om viltlevende hjort og hjort i oppdrett som sin primære oppgave. Norsk Hjortesenter er et viktig bindeledd mellom sentrale offentlige myndigheter, forskning, lokale forvaltnings- og fagmiljøer, rettighetshavere og allmennheten.